

Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS
Rosslandsvegen 364
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7850 - 21/70366

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.no

Dato:
23.10.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 484/37 Haukeland sørre

Tiltak: dobbel garasje med oppholdsrom på loft
Byggjestad: Gbnr: 484/37
Tiltakshavar: Gunn Terese Haukeland
Ansvarleg søker: Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.09.2021 og vi beklagar at for at mangelbrevet kjem så seint.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Eigedommen er omfatta av reguleringsplanen Bustadområde Haukeland Søndre (planID: 12602016000600) og er avsett til BFS1. I gjeldande plan § 2.2.2 kjem det fram følgjande:

«før det kan gjevast løyve til oppføring av nye bustader/nye tiltak skal avkjørsel til fylkesvegen vere ferdig opparbeidd. Med nye bustader/nye tiltak meinast ikkje ombygging/påbygging av eksisterande bustader og fritidsbustader eller riving av eksisterande fritidsbustader før oppføring av bustad.»

Kommunen legg til grunn at det er f_SKV2 som skal vera ferdig oppført før det vert gjeve løyve til nye tiltak i området. Kommunen har sjekka historisk database og finn ikkje at det er gjeve løyve til utbetring av f_SKV2.

Det er naudsynt med dispensasjon frå rekkefølgjekrav i gjeldande reguleringsplan før kommunen kan ta søknaden til handsaming. Vi minner om at søknad om dispensasjon må nabovarslas og vil bli sendt til høyring til Vestland Fylkeskommune.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

2. Vi minner for ordens skuld om kravet til MUA i gjeldande reguleringsplan.
Situasjonkartet kan med fordel syne at sjølv etter oppføring av garasje tilfredsstiller eigedommen kravet til MUA.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **26.11.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Siril Therese Sylta
Tenesteleiar

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS
Gunn Terese Haukeland

Rosslandsvegen 364
Vetåsvegen 117

5918 FREKHAUG
5938 SÆBØVÅGEN